

Smittevern på Rogn camping

Me ynskjer å halde campingplassen open og vi vil forhalde oss til dei nasjonale smittevernreglane generelt og til bransjenorma for handtering av smitteverntiltak ved norske campingplassar frå NHO Reiseliv; «Trygg camping».

For Rogn camping blir norma følgt opp med slike rutinar;

- Reinhold av sanitæranlegg kvar dag campingplassen har gjester
- I periodar med få gjester (to grupper) får kvar gruppe sin låste del der det er to toalett, handvask og dusj
- I periodar med fleire grupper samtidig, blir gjestene ved oppslag utanfor kvar av dei to delane av anlegget, bedne om å halde avstand, nytte antibac og bidra til sikker bruk av anlegget, både for seg sjølve og andre gjester
- Antibac blir plassert ut ved kvar servant

Rogn camping har ikkje kafé og ikkje kiosk der publikum kan koma inn.

- Frå kiosken blir det seld turkart, fiskekort og i periodar innpakka is – gjennom ei lita luke med glasdør som kan stengjast
- Gjestene betaler med vipps eller bankterminal for overnatting, fiske m.m.
 - Det blir i liten grad fylt ut fiskekort; digital dokumentasjon på mobiltelefon nyttast.

Informasjonsarket om smittevernreglar som følgde norma «Trygg camping», blir sett opp på kiosk, infotavle og inne i alle hytter.

Eingongssengetøy (putevar, dynetrekk og laken eller alternativt lakenpose med puteklaff for soveposebrukarar) må kjøpast av kvar enkelt gjest som nyttar campinghyttene.

Kvar hytte blir vaska etter kvar gjest/gruppe.

- **Handtak, bord og andre berøringsflater blir vaska med eigna middel**

Husker og trampoline blir vaska dagleg ved besøk.